
Saksnr: 2022/85492-17
Saksbehandlar: Ann Kristin Kjerland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		22.03.2023

Tilskot til forvaltning og drift for verna og freda fartøy og fartøyvern ved musea i Vestland 2023**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy slik:

Søkjarnr	Fartøy	Eigar	Tildeling
1	Atløy	Veteranbåtlaget Atløy	280 000
2	Epos	Litteraturbåten Epos	200 000
3	Granvin	Veteranskiplaget Fjordabåten	150 000
4	Hamen	Stiftelsen MS Hamen	Avslag
5	Hardingen sr.	Vestlandske Trafikk AS	150 000
6	Mathilde	Hardanger og Voss museum	Avslag
7	Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab	125 000
8	Nyborg	A. Andersen Shipping AS	125 000
9	Oster	Nordhordland veteranbåtlag	200 000
10	Skånevik	Ferjelaget Skånevik	350 000
11	Stavenes	Veteranskibslaget Stavenes	100 000
12	Stord I	Stiftelsen D/S Stord 1	570 000
13	Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	250 000
14	Svanhild	Stiftinga Svanhild	150 000
15	Vestgar	Øygardsbåtane AS	230 000
16	Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	120 000
SUM			3 000 000

2. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til fartøyvern ved musea i Vestland (SAVOS) slik:

Søkjarnr	Fartøy	Regionale tilskot	Riksantikvaren – Savos-matching	Tildeling
17	Haugefisk	104 000	104 000	208 000
18	Tysso	31 500	31 500	63 000
19	Faun	74 500	74 500	149 000

20	Folgefonn	94 000	94 000	188 000
21	Mathilde	438 020	438 020	876 040
22	Vikingen	71 000	71 000	142 000
Sum		813 020	813 020	1 626 040

3. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildeling, får avdelingsdirektøren høve til å fordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har sett av 3 000 000 kr til tilskotsordninga for drift av verna fartøy. Målgruppa for ordninga er eigarar av fartøy i drift som er freda eller har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren, og som grunna storleik eller driftsform har store utgifter. Det er kome inn 16 søknader for 2023. Den samla søknadssummen er på 4,1 million. Ûin søknad møter ikkje kriteria for tildeling, og får avslag på søknaden. Fartøy eigde av museum får tildelingane gjennom ordninga Fartøyvern ved musea i Vestland (Savos). I sektorbudsjettet for 2023 er det sett av 1 626 040 kr. til denne ordninga.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse- KFO

David J. Sandved
seksjonssjef
KFO - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak om tilskot og tilsegn til Vestland fylkeskommune frå statsbudsjettet 2023 og 2024
- 2 Omtale av søknadane. Forvalting og drift 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tildeling Riksantikvaren (Savos) og regionale tilskot	3 000 000
Søknadsfrist	01.11.2022
Vedtak kriteria	Retningslinjer fastsett av KULII 12.11.2019, sak 3/2019
Informasjon om ordninga	Vestland sin nettstad
Tal søknader	16
Tal søknader tilrådd tilskot	14
Samla søknadssum	4 107 885
Samla løyving	3 000 000

Overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy vart etablert i 2016 i Hordaland fylkeskommune. Ordninga er vidareført for Vestland fylkeskommune, med reviderte retningslinjer. Som framheva i kulturplanane «Premiss: kultur» og «Kultur for alle» er fartøyvern eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Etter at fartøya vert sette i stand, er erfaringa at mange større fartøy har høge driftskostnader. Utgifter til straum, drivstoff og forsikring har auka monaleg, og utgjør også ein stor kostnad for flåten.

Ordninga vert finansiert etter ein modell (SAVOS) der Riksantikvaren gjev midlar frå statsbudsjettet i same storleik som det fylkeskommunen sjølv set av. Ordninga skal kunne dekkje utgifter som er ein føresetnad for, eller ein konsekvens av, at fartøya er i drift: naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, naudsynte kurs for mannskap og tiltak som sikrar at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare.

Det er kun større fartøy, definert i retningslinjene som over 100 bruttoregistertonn eller som tar minst 20 passasjerar, som kan søke støtte i denne tilskotsordninga. Større fartøy har gjennomgåande høgare driftsutgifter, samstundes som det særleg er desse som går med passasjerar og slik når ut til ålmenta i størst grad.

Utgangspunkt for prioriteringa

Den mellombels freda ferja MF Hardingen sr. får ei avkorting i tildelinga grunna uvisse rundt driftssituasjonen. Dei 14 andre omsøkte tiltaka vert prioriterte for tilskot, då vi finn at søkjarane oppfyller vilkåra for tildeling og omsøkte tiltak fell inn under føremålet med ordninga.

Eitt av fartøya som har søkt møter ikkje kriteria for tilskotsordninga og får såleis avslag på søknaden. Likeins er fartøy eigde av museum flytta over i eiga ordning. I sektorbudsjettet for 2023 er det sett av 1 626 040 kr. til ordninga «Fartøyvern ved musea i Vestland (SAVOS)». Fordelinga vert gjort på grunnlag av søknad om driftstilskot og årleg dialog med musea om kor mykje av det ordinære driftstilskotet som kan øyremerkast fartøyvern. Forutan prisjustering er det ikkje gjort endringar på fordelinga i 2023, samanlikna med 2022 (sjå tabell under).

Søklar nr	Fartøy	Regionale tilskot	SAVOS- matching av øyremerkte midlar	Samla tilskot
17	Haugefisk	104 000	104 000	208 000
18	Tysso	31 500	31 500	63 000
19	Faun	74 500	74 500	149 000
20	Folgefonn	94 000	94 000	188 000
21	Mathilde	438 020	438 020	876 040
22	Vikingen	71 000	71 000	142 000
Sum		813 020	813 020	1 626 040

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelinga er i samsvar med budsjett og det ligg føre stadfesting frå Riksantikvaren om tildeling av midlar for 2022 over SAVOS-ordninga

Klima:

Avdelingsdirektøren kan ikkje sjå at saka har relevans for klimabudsjett eller klimarekneskapen for Vestland fylkeskommune.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 – Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 – Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Avdelingsdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å fordele tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 440304 - Drift av verna fartøy og frå budsjettpost 440500 - fartøyvern ved musea i Vestland (SAVOS) i tråd med framlegg til vedtak.